

Referat FAU møte 13.10.25

Til stades: Rektor Jan Erik Reknes, Anna Lena Jammer(1. trinn), Kim Danielsson (2.trinn, ikkje til stades), Olin Oldeide(3. trinn), Aleksander Morland (4. trinn), Brita Ytre-Arne(5. trinn), Are Høyen(6. trinn), Lars Tore Andersen (7. trinn). Referent: Olin Oldeide (3.trinn).

Saksliste:

1. Rektor informerer

- Kronstad skule har gjennomført nasjonale prøver og skåra noko under snittet. Dette gir grunnlag for vidare strategisk arbeid med lesing. Skulen har difor invitert kompetansesatsinga Tid for lesing frå Nasjonalt lesesenter (UiS) for å styrke leseopplæringa og utvikle leseplan. Tiltak som oppdatert skulebibliotek og lesekvarten blir vidareført. Dette er ein del av skulen si satsing på grunnleggande ferdigheiter. Eit døme på dette arbeidet er at lærarane har utvikla ein podkast om viktige digitale ferdigheiter for elevar.
- Kronstad skule held fram med kvalitetsdialog knytt til nasjonale prøver og elevundersøkinga, i samarbeid med FAU. Målet er å identifisere kva som bør vidareførast og kva ein bør utvikle vidare. Elevmedverknad er prioritert, og det er planlagt ei fysisk samling med FAU i desember/januar. Dette er ein del av det lokale kvalitetsarbeidet i Bergen kommune.
- Tysdag 25.november SOS-barnebykveld. Foreldre på trinn vil ha ulike ansvarsområde for gjennomføring. Arrangementet vil vere på Hunstad-sida og barnehagen vil vere med.
- Skulebyråd Daniel Hägglund var på besøk og fekk oppleve skulen i drift og Vi-på Kronstad show. Deretter var det møte med rektor og tillitsvalt. Det vart diskuterte det forventa budsjettunderskotet. FAU diskuterte korleis å bidra for å adressere budsjettsituasjonen. Rektor vil sonde med moglege skular i liknande situasjonar.

2. Plan for FAU-møter 2025/2026 - sjå gjerne på [årshjulet for 2024/2025](#)

FAU er einige i årshjulet. FAU ynskjer også å legge til eit mogleg fellesarrangement for fritidstilbod for elevar ved Kronstad skole. Dette vil vi organisere i januar/februarmøtet, slik at sjølve dagen kan vere på tidleg hausten. FAU diskuterer moglegheitene for å samkøyre dag med haustmarknaden til Berekraftig liv. Informasjon om ulike aktivitetar kan også bli ein del av skrivet til nye 1.klasse.

3. Planlegge refleksaksjon

Refleksaksjonen vil vere i veke 46 (10.november og utover). Det vil stå vaksne ved tre porter for å dele ut refleks og peparkaker. Vi vil nytte oss av FAU representantar og vara-representantar. Leiar: Doodle- med vakter til 5 dager. Vi trenger 3 vakter kvar dag mellom: 07:50 – 08:30. Aleksander vil lage ein google docs med oversikt over

vakter og be foreldre om å bidra i skaffe reflekser gjennom melding i vigilo. Brita vil kontakte Rune på Kiwi angående peparkaker til aksjonen.

4. Veileder "Nett- og mobilvett på Kronstad skole"

Brita og Are presenterer veileder for ulike delar av ein veileder til ulike målgrupper (foreldreversjon og elevversjon). FAU representantane er stort sett einige i innhaldet i veilederen sjølv om det er ulike meiningar i foreldregruppa og FAU angående digitale media og FAU sine anbefalingar til foreldre. Målet med skrivet er å gje foreldre eit verktøy for å ha ein dialog om digitale media for å bidra til ein mobbefri og inkluderande skulemiljø. Hovudinnspel er at det er godt å dele inn dokumentet til ulike målgrupper, sikre god implementering ved til dømes å tilrettelegge for diskusjon om digitale media i klassene (sette av f.eks 30 min. på første møte), fasilitere for barnevakta eller andre for å snakke om gode råd for å regulere digitale medier, vise til forskning om dei uheldige konsekvensane for born og skjermbruksutvalet. FAU representantane vil skrive inn konkrete i dokumentet som track-changes eller kommentarar innan neste møte og saken vil diskuterast att på neste møte, med særleg fokus på elevmedkverknad. Målet er å ha ei foreldresamling i mars på tema og legge fram veilederen i forbindelse med dette.

5. Eventuelt

- På neste møte vil leiar sikre at vara også vert kalla inn til FAU møtet og får tilgang til dokument på fellesområde.
- FAU vil dele informasjon om bøsse-aksjonen på klassechatter.
- FAU har motteke mail frå styret i dysleksi Bergen. Rektor orienterer at nesten alle lærarar ved Kronstad skole har delteke i Lingdys Skrivestøtteprogram for elever.
- Brita ynskjer informasjon om google-bruk av skulen i undervisningssituasjonar då dette vil kunne ha konsekvensar for personvern
- Sak om spond vert utsett til neste møte